



Erstad & Lekven utbygging AS

Referanser:
Dykkar: Dag Dalland
Vår: 15/2477 - 16/5950

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

18.03.2016

Møtereferat - Formøte for avklaring om utvikling av eigedom 24/12

Det vart 16.2.2016 halde møte på vårt kontor for å drøfte utvikling av eigedom 24/12, med ynskje om å utvide område for bustadbygging.

Desse møtte:

Dag Dalland	- Erstad & Lekven utbygging AS
Helge Langeland	
Kristin Nåmdal	- Samfunnsplanleggjar
Laila Bjørge	- Landbrukssjef
Anne-Lise Olsen	- Plankonsulent

Dag Dalland orienterte om deira planar om å byggje ut del av eigedom 24/12 som ligg sør for fv. 244, og like vest for Frekhaug senter. Dei ynskjer m.a. å byggje litt konsentrert, men med ei open grøn sone parallelt med vegen. Dei er også opne for å utvikle arealet på del av eigedommen som ligg nord for fv. 244, men denne delen er meir støytsett og krev utredning.

Administrasjonen orientert om planstatus, og om at ei slik utbygging ikkje var i samsvar med nyleg godkjent kommuneplan. Det er i utgangspunktet ikkje kurrant å fråvike ein nyleg godkjent kommuneplan. Mange instansar kan kome til å ha merknader til eit slikt utspel, og landbrukssjefen minna om at det er viktig å oppretthalde ein buffersone mellom byggjeland og landbruksareal og dyrka mark.

Administrasjonen orienterte om at det skal gjerast eit mogelegheitsstudie i samband med utbygging av område BT_2 som ligg nord for fv. 244, og ønska utbygging kan ev. vurderast i samanheng med dette studiet.

Oppsummering:

Administrasjonen forstår ynskje om å byggje ut delar av eigedommen, men meiner det kan by på mange utfordringar om ein skal lage ein reguleringsplan som ikkje er i samsvar med overordna plan her.

Administrasjonen kan på grunnlag av dette, ikkje kome med noko tilråding i saka, men dersom det er ynskjeleg så kan ein jf. Plan- og bygningslova § 12-3, fremje forslag til detaljregulering.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Erstad & Lekven utbygging AS

Helge Langeland

Kristin Nåmdal

Laila Bjørge